



Eit evig forskarliv

Når dei går av med pensjon, kan forskinga starte for alvor.

Side 14–19

Aukande forskingsbudsjett

Men når pengane fram til dei som treng dei mest?



Slik prioriterer regjeringa pengane til forskning.

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning verkar. Det er ei gledeleg side ved regjeringas framlegg til statsbudsjett. I 2014 vart ordninga med fleirårsbudsjettering oppretta, inspirert av mellom anna nasjonal transportplan: Når det gjeld dyr og langsiktig infrastruktur, som universitet og høgskular òg er, har ein føreseieleg horisont stor verdi. Dermed kjem nokre av løyvingane som bestilt, og det er ingen tvil om at mange land kan misunne oss budsjettframlegget for forskning og utvikling. Realveksten er på 3,1 prosent. Les meir om dette på side 4–5.

Der kan ein òg lese meir om endringane i finansieringssystemet, som er såpass store at innføringa i all sin velde er fordelt over to år. Regjeringa føreslår at universiteta og høgskulane i større grad vert finansierte etter *resultat*. Den resultatbaserte andelen nærmar seg no ein tredel. Kva slags resultat er det som skal gje uttelling? Her er det ei dreining, og ein auke frå seks til åtte indikatorar, altså teljelege einingar som er funne verdige å vere eit uttrykk for at ein driv med noko godt og viktig. Vitskapleg publisering og avlagte studiepoeng er dei mest kjende, gamle indikatorane. Når det gjeld utdanningsdelen, vil regjeringa no leggje meir vekt på fullførte *grader*. Framleis tel det positivt

Dei som har tent mest pengar, skal tene meir pengar.

for lærestadene at dei har utvekslingsstudentar, at dei utdannar doktorar, at dei har fått finansiering frå EU og Forskningsrådet. I tillegg vil det no telje positivt å ha inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemd.

Eg vil peike på nokre veikskapar med denne modellen. For å ta dei sist nemnde indikatorane fyrst: Dei som har tent mest pengar, skal tene meir pengar. Å premiere oppdragsinntekter byr òg på eit anna problem – det oppmodar til større direkte konkurranse med instituttsektoren, som jamt over er dårlegare finansierte enn universiteta og høgskulane.

Høgskulane og dei nye universiteta har god grunn til å klage over korleis modellen verkar. Fædrelandsvennen skriv at han fører til kutt på mellom 15 og 20 millionar kvar for universiteta i Agder, Stavanger samt Nord universitet. For det fyrste har nye universitet mindre basisfinansiering enn dei gamle. For det andre stiller dei svakare i det endra teljeregimet. Institusjonar med ein stor del studentar som tek stutt utdan-

ning, til dømes etter- og vidareutdanning, får dårlegare uttelling. Det dreg i same retning – i favør dei store, gamle – at dei stiller sterkare i å skaffe eksterne forskingsmidlar. – Nå tvinges vi til å satse mer på gradsgivende studier. Det går på bekostning av livslang læring, sa UiS-rector Marit Boyesen til Fædrelandsvennen. – Det nye statsbudsjettet innebærer en omvendt Robin Hood-politikk der regjeringen tar fra de nye universitetene og gir til de rike og gamle universitetene, sa rektor Bjørn Olsen ved Nord Universitet til same avis.

Prissettinga av ulike utdanningar er problematisk. Her òg kjem høgskular og nye universitet dårlegare ut, sidan dei i stor grad utdannar mindre lønsame kandidatar, som lærarar og sjukepleiarar (sjå meir om dette på side 5). Regjeringa skal elles ha ros for eit skikkeleg løft for lærarutdanninga. Vel 250 millionar er sett av til den nye, femårige utdanninga.

Kva med dei tilsette sjølve, er det eit budsjettframlegg til sinnsro og velsigning? Trass den generelle auken i forskingsbudsjettet, vert universitet og høgskular utsette for kutt for tredje år på rad. Målet er avbyråkratisering, men korleis skal ein oppnå dette utan at det går ut over forskning og undervisning? Leiar Petter Aaslestad i Forskerforbundet utdjupar problemet overtydande i ei pressemelding. Nedskjeringane kan verte merkbare for den einskilde, både i form av tid (ein endå meir pressa kvardag) og pengar (mindre rom for å gje gode lønsvilkår). I sum byr budsjettet på lite som kan få fleire av dei mellombels tilsette over i faste stillingar. Eg saknar, så å seie, langtidsplanar på miljø- og individnivå. Opposisjon og støtteparti har dermed ein jobb å gjere i stortingshandsaminga av budsjettet på seinhausten. På dette feltet òg.



Redaktør
Kjetil A. Brottveit



14: Aldri helt pensjonist

Nå de endelig slutter, jobber de fleste videre som før. Få professorer bryter opp fra forskerkarrieren selv om de fyller 70.



20: Museumsetikeren

– Jeg var møkka lei av gjenstander og tradisjonell museumstenkning, sier Kathrin Pabst. Hun har i stedet jobbet med tabubelagte temaer og skrevet bok om museumsetikk.



24: Traumehåndtering

Hvordan skal man vise empati i avhør av ofre? Patrick Risan forsker på politiavhør av overlevende fra Utøya.

4: – Budsjett for forskjeller

Langtidsplanen blir fulgt opp i statsbudsjettet. Men et nytt belønningssystem fører til forskjellsbehandling av høyskoler og «gamle» universitet.

6: Resignasjon på Ås

De har kjempet mot omorganisering og innføring av ansatt rektor ved NMBU. Nå har ansatte og tillitsvalgte resignert.

7: – Må stille krav

Laksenæringen vil ha sitt eget forskernettverk. – Men også næringsinteresser må følge vitenskapelige kriterier, mener forskere.

8: – La forskerne fordele selv

Systemet med å fordele forskningsmidler etter søknad, er blitt for omfattende og tungrodd, mener nederlandsk professor.

10: Bibliotek slås sammen

Tidligere høyskolebibliotek må underlegge seg store universitetsbibliotek milevis unna. Kan det gå bra?

FASTE SIDER

29: Tilbakeblikk

32: Bøker

34: Kronikk

35: Gjesteskrivent

36: Debatt

37: Informasjon fra Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 9/2016 – 48. årgang

Fagblad om forskning og høyere utdanning. Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo, Telefon: 21 02 34 00/Telefaks: 21 02 34 01

ANSVARLIG REDAKTØR: KJETIL A. BROTTVEIT, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: AKSEL KJÆR VIDNES, aksel.vidnes@forskerforum.no

JOURNALISTER: JOHANNE LANDSVERK, johanne.landsverk@forskerforum.no

ELIN REKDAL MÜLLER, elin.rekdal.muller@forskerforum.no, KJERSTIN GJENGEDAL, kjerstin.gjengedal@forskerforum.no,

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

REDAKSJONSRAÐ: Martin Eide, professor UiB, Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiT, Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ANNONSER: Arne Aardalsbakke, Telefon: 900 43 282, E-post: annonser@forskerforum.no

Design: Concorde Design. Forsidefoto: Erik Norrud. Trykk: Krona Trykk.

ISSN 0800-1715. Opplag: 19150

– SLUTT PÅ JOJO-BUDSJETTENE

Investeringene i forskning når nye høyder. – Dette har vi aldri opplevd før, sier Forskningsrådet.

– Samlet sett er det et sterkt forskningsbudsjett, konkluderer administrerende direktør i Norges forskningsråd Arvid Hallén.

Selv om budsjettveksten ikke er like sterk som året før, fortsetter realveksten til forsknings- og utviklingsformål (FoU). Dersom årets statsbudsjettforslag blir vedtatt, vil andelen av statsbudsjettet som går til FoU, bikke fire prosent. Årsaken: Langtidsplanen for forskning og høyere utdanning fungerer.

– Vi er veldig godt fornøyde med at langtidsplanen for forskning og høyere utdanning ser ut til å virke. Planene og føringene som ligger i langtidsplanen, følges opp, særlig fra Kunnskapsdepartementets side, sier Hallén.

– Skulle ikke det bare mangle at en langtidsplan vedtatt av Stortinget faktisk følges opp?

– Jo, men en slik forutsigbarhet har vi aldri opplevd før! Vi har aldri opplevd faktisk å ha noe som ligner flerårsbudsjetter for forskning.

STIKK TIL DE RØDGRØNNE

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen bruker den stødige budsjettveksten i et stikk til den rødgrønne regjeringen.

– Der forrige regjering gikk opp og ned som en jojo, har vi en jevn og høy satsing. Den viktigste forskjellen fra forrige regjering til denne er langsiktigheten og forutsigbarheten. Vi prioriterer forskning ikke bare når det er valgår, men hvert år, i hvert budsjett, sier Isaksen til Forskerforum.

Han medgir at realveksten har vært høyere tidligere år, men understreker samtidig at statens investeringer i forskning totalt sett blir økt til et rekordhøyt nivå. Målt i andel av BNP er de statlige bevilgningene over én prosent, som lenge har vært en målsetting.

– Det skyldes nettopp langtidsplanen. Det nye med langtidsplanen var ikke bare prioriteringene, men at vi kom med konkrete forpliktende løfter på opptrapping, og det følger vi opp i dette budsjettet.

– ALDRI VÆRT BEDRE

Mye av økningen i budsjettet skyldes imidlertid en kraftig investering på rundt 1 milliard kroner i et nytt isgående forskningsfartøy. Også tidligere har store deler av budsjettveksten vært knyttet opp til store utgifter som ikke nødvendigvis vil merkes av den enkelte forskeren, som økninger i Norges kontingent til EUs forsknings-samarbeid Horisont 2020. Samtidig er Arvid Hallén klar på at norsk forskning blir bedre av slike investeringer, og understreker at investeringene i infrastruktur er på en historisk topp.

– I et langt historisk perspektiv kan vi se at vi aldri har hatt en bedre situasjon når det gjelder investering i vitenskapelig utstyr. Nå henger det sammen med at fornyelsestakten og avhengigheten av utstyr har blitt veldig stor, så



ILLUSTRASJON: FORSKERFORUM

■ Aldri har forsknings- og utviklingsutgifter utgjort en større andel av statsbudsjettet enn i forslaget for 2017, viser beregninger fra NIFU.



FOTO: MARI HALVORSEN

■ – Ikke krise, men likevel ting å ta tak i, sier Iselin Nybø i Venstre om statsbudsjettet.

hetsproblematikken også i budsjettbehandlingen.

– Vi ser at det står veldig lite i statsbudsjettet om arbeidet med å få ned midlertidigheten. Det er to muligheter til å redusere midlertidigheten i akademia nå i høst. Den ene er via ny lov om statens ansatte. Den andre er over statsbudsjettet. Forskerforbundet håper stortingspolitikkerne griper begge disse mulighetene, sier Aaslestad.

Stortingsrepresentant Iselin Nybø i Venstre lover at Stortinget ikke vil la budsjettet gå uendret igjennom.

– Det er kanskje ikke helt krise dette budsjettet, men det er likevel ting å ta tak i. Jeg hadde forventet at de skulle gi mer til å hjelpe institusjonene som fusjonerer. Det er litt penger til rehabilitering, men ingenting til nye bygg, som sektoren har etterlyst en stund, sier Nybø.

Stortinget vil behandle budsjettet komitévis utover senhøsten. Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen vil avlevere sin innstilling 1. desember, som så blir behandlet i plenum 8. desember. Statsbudsjettet skal være ferdig vedtatt 13. desember.

♦ AV AKSEL KJÆR VIDNES

Statsbudsjett 2017

■ Bevilgningene til forskning og utviklingsarbeid (FoU) er på ca. 34,5 milliarder kroner. Det er en økning på nesten 1,9 milliarder i forhold til 2016. Det innebærer en nominell vekst på 5,7 prosent og en realvekst på 3,1 prosent.

vi må ha en stor satsning. Det er en nøkkel til å heve kvaliteten på norsk forskning.

HÅPER PÅ ENDRINGER

Også Forskerforbundet er fornøyd med at langtidsplanen følges opp og sikrer sektoren vekst. Samtidig peker forbundet på at mens veksten til FoU totalt er på 3,1 prosent, er veksten til universitetene og høyskolene kun på 2,6 prosent.

– Vi er usikre på om dette er nok til å gjøre noe med rekrutteringsutfordringene i sektoren og til å sikre at forskerkarrieren framstår som attraktiv for unge forskertalenter, sier forbundsleder Petter Aaslestad.

Han håper Stortinget vil se på midlertidig-

– FORSKJELLSBEHANDLER HØYSKOLER

Det nye belønningssystemet for universiteter og høyskoler kan få så store konsekvenser at det fases inn over to år.

Regjeringen vedtok i fjor endringer i finansieringssystemet for universitetene og høyskolene, men vektleggingen av de ulike insentivene ble ikke offentliggjort før statsbudsjettforslaget for 2017. Der kommer det frem at omfordelingen med det nye systemet blir faset inn over to år, fordi den kan gi ganske store utslag for enkelte institusjoner.

Hovedtrekkene i dagens system videreføres, med én basisdel og én resultatbasert del basert på produksjon av studiepoeng og forskning. Statsbudsjettforslaget legger opp til en økning i den resultatbaserte delen av finansieringen med 300 millioner kroner, som blir flyttet fra basisfinansieringen.

REAGERER PÅ FORDELING

Det er to nye indikatorer som er lagt til. Den ene er kandidatindikatoren, som belønner at lærestedene uteksaminerer studenter med hele grader. Den andre er indikatoren for bi-drags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA).

Rektor ved Høgskolen i Oslo og Akershus Curt Rice reagerer imidlertid på hvordan kandidatindikatoren er innrettet. Høgskolens vekst til neste år vil bli på magre 1,6 prosent, mens sektoren i snitt får 2,6 prosent. Det skyldes blant annet at høyskolen utdanner kandidater som gir mindre belønning, som sykepleiere og lærere. I tillegg utdanner høyskolen mange i enkeltemner, som ikke gir uttelling på denne indikatoren.

– Jeg synes det er litt merkelig at det nye in-

dikatorsystemet har et retorisk fokus på belønning av utdanningsaktiviteter, men så er den reelle effekten at de gamle universitetene får mer. Høgskolene og de nye universitetene får mindre, selv om vi produserer enormt mange kandidater, sier Rice.

KAN FORBEDRE SEG

Forskerforbundet reagerer på BOA-indikatoren, og håper Stortinget vil se på den i budsjettbehandlingen.

– Det er merkelig at man legger så bra til rette for at universitetene og høyskolene skal konkurrere med instituttsektoren med BOA-indikatoren. Det er konkurransevridende i forhold til instituttsektoren, sier leder Petter Aaslestad.

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen forsvarer endringene med at selve poenget er at de skal føre til at institusjonene endrer aktiviteten sin.

– Selvfølgelig er det noen som i første runde kommer dårligere og bedre ut, sier Isaksen.

– Fordelen er at man vil kunne forbedre seg, særlig på det som er i åpen ramme. Og så er det verdt å merke seg at flere som kommer dårlig ut på dette, vil komme godt ut av statsbudsjettet totalt sett, fordi de får flere doktorgradsstipendiat og tilskudd til lærerutdanning, sier Isaksen.

❖ AV AKSEL KJÆR VIDNES



FOTO: AKSEL KJÆR VIDNES

■ – Politikerne bør bygge videre på hvordan staten belønner universiteter og høyskoler, mener rektor Curt Rice.

LIKESTILLING

Toppmiljø får fortsette

CORE – kjernemiljø for likestillingsforskning ved Institutt for samfunnsforskning (ISF) – får penger til videre drift. Senteret ble dannet i 2013 på oppdrag fra Barne- og likestillingsdepartementet og forsker hovedsakelig på likestillingsutfordringer i arbeidslivet.

– I løpet av de fire årene CORE har eksistert, har det etablert seg som et ledende nasjonalt kjernemiljø for likestillingsforskning, og vi ser med glede fram til fortsettelsen, sier ISF-direktør Tanja Storsul.

FOTO: ISF/JAN EGIL SANDSTAD



FORSKNINGSRÅDET

Tar og gir

Regjeringen vil foreta et ettårig kutt på 300 millioner kroner i bevilgningene til infrastruktur i Forskningsrådet,

fordi pengene fra i fjor ikke er brukt opp, skriver forskning.no. – Jeg oppfatter det som en ren teknikalitet. Vi har hatt en betydelig opptrapping i denne budsjettposten

de siste årene og klarer ikke å bruke så mye som vi har fått tildelt, sier direktør Arvid Hallén. Samtidig bevilger regjeringen 100 millioner i varig økning til infrastruktur, i tråd med langtidsplanen for forskning.

FOTO: SVERRE CHR. JARLUD



MUSEUM

– Lite til Innlandet

I statsbudsjettet for 2017 foreslår regjeringen å bevilge 31,2 millioner kroner til nye prosjekter over posten Nasjonale kulturbygg. Anno Museum i

Hedmark er kritisk til at de fleste pengene går til sentrale strøk. – Det er helt uforståelig for oss at Hedmarks kulturarv ikke er viktig nok til å prioriteres, sier direktør

Harald Jacobsen. Regjeringen vil også bevilge 25 millioner kroner til oppgradering av museumsanlegg i Rogaland og Hordaland, som en del av tiltakspakken for Sør- og Vestlandet.

FOTO: GEIR OVE ANDRESEN/ANNO MUSEUM



RESIGNERTE ETTER KAMPEN

Ved NMBU har tilsette og tillitsvalde stått på barrikadane. No har dei mista gløden.

POLITIKK

– Det har vore ein god del intern støy ved NMBU i vår på grunn av ein stor omstillingsprosess. Ganske mange syntest at ting ikkje skjedde i rett rekkefølge. Styret gjorde vedtak før dei hadde undersøkt saka, seier Lena Kjøbli. Ho er leiar i Forskerforbundet ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

– Dette kom berre to år etter en tidkrevjande fusjonsprosess. Så i haust merkar vi som tillitsvalde ein reduksjon i engasjementet blant dei tilsette og lokale tillitsvalde, seier ho.

Forskerforum skreiv i førre nummer om lågt engasjement rundt fusjonar og omorganiseringar ved universitet og høgskular. Men ved NMBU vart det store protestar då universitetstyret ville gjere om på fakulteta og innføre tilsett rektor i staden for vald rektor.

– Prosessen og resultatet gjekk i ei anna retning enn det som tidligare har vore tradisjon i organisasjonen, som til dømes færre kollegiale organ og tilsett rektor heller enn vald. Det var eit kjempestort engasjement frå professorar og andre tilsette, men fleire har sagt etterpå at dei korkje har tid eller kapasitet lenger, seier Kjøbli.

– FOLK SKJERMAR SEG

Kjøbli trur også fleire har resignert fordi innspel ikkje vart tekne til følgje.

– Blant anna var det 1000 underskrifter for vald rektor som styret ikkje tok noko omsyn til. Eg merkar no at folk skjermar seg meir, og vi er bekymra for om vi får rekruttert nok tillitsvalde på lengre sikt. Vitenskapleg tilsette har ei veldig stor arbeidsbyrde allereie. Når det blir to tidkrevjande omstillingsperiodar med ein del uro på kort tid, slik det har vore her ved NMBU, kan resultatet bli ei form for trøyttelek.

Ho meiner det synd om folk mistar engasjement sitt.

– Det som bekymrar meg på lang sikt, er om institusjonen blir ei form for «forskarhotell» der forskarane sjekkar inn og jobbar skjerma, utan å engasjere seg. Ei slik utvikling bør bekymre leiarane og styret ved institusjonane meir.

– IKKJE HYGGELEG Å TONE FLAGG

Gaute Einevoll er professor ved Institutt for matematiske realfag og teknologi ved NMBU. Han var blant dei som engasjerte seg i vår, blant anna gjennom innlegg i Khrono.

– Ein av fordelane vi har hatt ved NMBU, er at institusjonen er ganske liten, med kort avstand mellom institutta og til leiinga, og det har gjort det mogleg å engasjere seg. Men mange er oppgitte etter det som skjedde i vår, seier han.

Ein evoll reagerte særleg på styrevedtaket om å endre talet på faglege einingar frå 13 institutt til seks fakultet.

– Den saka vart «kuppa» i eit styremøte i



FOTO: HÅKON SPARE

■ Tilsette ved NMBU demonstrerte for gjeninnføring av vald rektor, men tapte. På traktortilhengaren: Lena Kjøbli (t.v.) og rektor Mari Sundli Tveit.

januar og var ikkje eingong ført opp som styresak. Ingen i styret forklarte eller forsvarte vedtaket overfor dei tilsette i debatten som følgde, hevdar professoren.

I juni vedtok styret, etter forslag frå rektor, at NMBU skal ha sju einingar eller fakultet.

– Til sjuande og sist gjorde styret om på det forhasta og stivbeinte vedtaket etter mange månader med unødig strid, seier han.

Ein evoll er eigentleg ikkje så interessert i å involvere seg i styring av universitetet.

– Men i denne saka følte eg at eg hadde eit varslingsansvar. Samfunnet brukar milliardar på nybygg og investeringar ved NMBU, og som fagperson har eg plikt til å seie frå når det blir sløst med ressursar.

Han har ikkje fått reaksjonar frå leiinga.

– Men det er ikkje hyggeleg å gå offentleg ut mot sin eigen arbeidsplass og si eiga leing. Mange av oss som protesterte, er blant dei mest aktive forskarane ved NMBU og som leier store forskingsprosjekt, og ingen ønskjer seg ein effektiv administrasjon meir enn oss. Men det synest å vere ei mistru til at vi har noko å bidra med når det gjeld organisering.

Ein evoll er ikkje lenger særleg motivert til å gjere noko ekstra for NMBU.



FOTO: HÅKON SPARE

– Folk er resignerte og skjermar seg meir, seier Lena Kjøbli.

– Vi gjer sjølvstakt jobben vår, men kvifor skal vi engasjere oss ekstra når vi ikkje blir høyrd eller respekterte?

SKARP RETORIKK

Rektor Mari Sundli Tveit ved NMBU seier at dei tilsette vart inviterte til å delta i diskusjonen.

– I løpet av våren hadde vi seks allmøte. Det er utruleg viktig at dei tilsette engasjerer seg, ikkje minst for å vere med på å gjere universitetet betre, seier Sundli Tveit.

Ho seier det i diskusjonen i vår var svært skarp retorikk, både mot leiinga og generelt.

– Sjølv fekk eg mange tilbakemeldingar frå folk som ikkje torde å vere med i debatten fordi retorikken hadde blitt så skarp mellom fagmiljøa. Dei orka ikkje å ta ordet på allmøta, av redsle for å bli «skotne ned». Slik kan sjølve debatten nokre gonger stå i vegen for seg sjølv, meiner ho.

NMBU-rektoren trur ikkje det er på grunn av leiinga at så få har engasjert seg i haust.

– Eg trur heller det kan kome av det tøffe debattklimaet. Som rektor ønskjer eg ein raus debatt, der alle kan vere med og ikkje brenn inne med noko fordi dei ikkje tør å delta.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

– MÅ VÆRE VITENSKAPELIG

Laksenæringens forskning møter kritikk: – De må forholde seg til det vitenskapelige systemet for å bli tatt alvorlig.

Biolog Erik Sterud reagerer på at lakseoppdrettsnæringen utfordrer Havforskningsinstituttet (HI) med å danne et eget forskningsmiljø, som Forskerforum skrev om i forrige nummer.

– Det er skremmende når utgangspunktet for å bygge et «uavhengig» forskernettverk, er at oppdrettsnæringen ikke liker resultatene fra etablert forskning. Men skal du sponse forskning, kan du ikke be forskerne lete etter andre resultater, sier Sterud. Han har vært forsker ved Veterinærinstituttet, men er nå fagsjef i Norske Lakseelver som organiserer elveeiere. Særlig er Sterud kritisk til å kalle rapportene som rådgiver Jan Arve Gjøvik har laget for oppdrettsnæringen, for forskning.

– Når Gjøvik sier til Forskerforum at kritikken av HI er velbegrunnet og veldokumentert, er det problematisk fordi han aldri har publisert en eneste vitenskapelig artikkel. Ingen av hans arbeidere har en ansvarlig utgiver, de er urefererbare i en vitenskapelig kontekst, og innholdet kan ikke sies å være dokumentert, sier han.

Hvis næringen vil bli tatt på alvor, må de forholde seg til det vitenskapelige samfunnet og det vitenskapelige systemet, mener Sterud.

– Vi må skille mellom en debatt om vitenskap, altså om dens rolle, utøvelse og funksjon, og den vitenskapelige debatten hvor metoder, teorier og resultater diskuteres. Begge er for så vidt åpne for alle, men sistnevnte må føres på en vitenskapelig arena, som stiller samme krav til kritikerne som til dem som kritiseres.

– MÅ FAGFELLEVRURDERES

At næringsinteresser må følge vitenskapelige kriterier, er professor i sosiologi ved NTNU, Aksel Tjora, enig i.

– Fagfellevurderinger er minstekravet for å kalle noe forskning, sier han.

– Næringsinteresser må bruke ressurser på å få kunnskapen sin vurdert av uavhengige forskere, som i en fagfellevurdering. Vurderingen er en omfattende innsats alle forskere gjør, og den gir forskningen integritet og autoritet. Uten dette kan ikke næringslivet hevde at deres kunnskap er like god, sier han.

Når etablert forskning utfordres, må også forskerne være ydmyke, mener Tjora.

– En fagfellevurdering kan aldri garantere for sannheten. Denne kvalitetssikringen tester mer om selve forskningsarbeidet og analysene er gjort innen faglige rammer, altså en uavhengig sjekk av solid nok forskerhåndverk. Men selv da kan resultater være feil, sier Tjora.

– KAN IKKE UTESTENGE

Grensene mellom politikk og vitenskap krysses hele tiden, og det er uunngåelig, sier forsker Rune Hornnes ved Universitetet i Bergen.



FOTO: KJELL INGE SØREIDE

■ – Skal laksenæringen sponse forskning, kan den ikke be forskerne lete etter gitte resultater, sier Erik Sterud i Norske Lakseelver.



FOTO: ERIK NORRUD

■ – Fagfellevurderinger er minstekravet for å kalle noe forskning, sier NTNU-professor Aksel Tjora.

– Denne debatten handler mye om å etablere grenser for hva det er lov til å stille spørsmål ved og ikke, og om aktører utenfor etablerte miljøer er legfolk eller eksperter, sier Hornnes, som har forsket på vitenskapens rolle i norsk og internasjonal fiskeripolitikk.

– Dersom vitenskapen blir utfordret utenfra, må vi se på argumentene til motstemmene, heller enn å stenge dem ute. HI bør ha tillit nok til egen forskning og ta runden med å overbevise næringen, sier Hornnes.

– Men det bør gå an å stille krav til empirisk belegg og metode i en slik diskusjon, sier han. Hornnes viser til den franske vitenskapsteo-

retikeren Bruno Latour hvis viktigste premiss er at kunnskapsproduksjon alltid er mer eller mindre usikker.

– Latour opponerer mot at «fagkunnskapen» skal etableres av vitenskapsfolk først, og at politikere eller byråkrater skal ta sine beslutninger etterpå, som i en todelt prosess, sier Hornnes.

– Siden vitenskapelig kunnskapsproduksjon inneholder usikkerhet og kan få store konsekvenser, må berørte parter få komme til orde, også i faktaspørsmål. Til slutt må uansett beslutningstagerne bestemme seg for hvilken forskning de vil stole på, sier Hornnes.

– INGEN FØRINGER

I november arrangerer Forskerforbundet seminaret «Hvem eier forskningen?», hvor blant andre Aksel Tjora skal holde innlegg. Leder i forbundet Petter Aaslestad mener at når næringsinteresser engasjerer seg så sterkt i forskning, må de minnes om at akademisk frihet ikke må komme under press.

– Uansett om det opprettes nye private forskningsinstitutter eller om industrien betaler gaveprofessorat, er det en forutsetning at pengene ikke legger føringer på metodikk eller forskningsspørsmål. Hvis næringen investerer i forskning, må samme betingelser om uavhengighet gjelde, sier han.

♦ AV ELIN REKDAL MÜLLER

– BØR FORDELE PENGANE SJØLVE

Forskarar brukar mykje tid på å skrive søknadar som aldri får gjennomslag. No kan eit nytt forslag til finansieringsmodell bli prøvd ut i Nederland.

FINANSIERING

– Systemet der forskingsmidlar blir fordelte etter evaluering av prosjektsøknader, har fungert bra lenge, men no er det blitt for omfattande og tungrodd, og det må endrast, seier Marten Scheffer til Forskerforum.

Scheffer er professor ved Wageningen University & Research i Nederland. Han har greidd kunststykket å få forskingsfinansiering til å bli ei nasjonal nyhendesak. Det har han gjort med eit forslag om å la forskarane finansiere kvarandre.

GÅR ENORMT MED TID

– Sjølv har eg lite å klage over. Eg er ein av dei som får mykje pengar med dagens system. Det gjev meg fridomen til å peike på svake punkt i systemet, forklarar han.

Scheffer forskar på akvatisk økologi og har fått både det prestisjetunge ERC Advanced Grant og den nederlandske Spinoza-prisen,

som har gjeve han fleire millionar euro til å forske for. Likevel meiner han at ein er langt forbi punktet der systemet må byggast om.

– Forskarar brukar utruleg mykje tid på å skrive søknadar. Eg ser folk omkring meg som har gode idear, men som strevar med å få pengar. Og evne til skaffe finansiering er jo blitt eit kriterium for å få vitskaplege stillingar. Dermed må ein sende fleire søknadar, som igjen gjev lågare sjanse for uttelling sidan det blir mindre tid til å jobbe med vitskap. Søknadane skal også evaluerast. Enormt med tid går med i dette maskineriet, seier Scheffer til Forskerforum.

UNDERSØKER TIDSBruk

Det er etter kvart mange som er uroa over at søknadsskriving tek tid frå produktivt vitskapleg arbeid. European University Association har estimert at mellom 1,3 og 2,7 milliardar euro går med til å skrive søknadar som ikkje når opp, til Horisont 2020, ofte trass i

høg skår i evalueringane. No er NIFU, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, i gang med å undersøke kor mykje tid forskarar brukar på å søke midlar frå Forskringsrådet. Resultata er venta i slutten av november.

– Eg opplever at respondentane er veldig interesserte i temaet. Er tida og ressursane ein brukar på å skrive søknadar som kanskje ikkje når opp, bortkasta, eller har forskarane anna utbyte av det? Dette er noko vi ønskjer å følgje opp også etter at bestillinga frå departementet er levert, seier Inge Ramberg, som er ansvarleg for undersøkinga hos NIFU.

STERK SKEIVFORDELING

Styresmakter forsvarer gjerne søknadssystemet med at konkurransen om midlar hjelper forskarane til å skjerpe tanken for å kome opp med dei beste ideane. Marten Scheffer er til dels samd i det.

– Problemet er at det er blitt for mykje. Og



FOTO: WIKIMEDIA COMMONS/AVI

■ Berre 12–14 prosent av søknadane til Horisont 2020 når opp. Det inneber at det er gjort mykje bortkasta arbeid.

systemet har dessutan bieffektar: Mesteparten av pengane går til nokre få personar, som meg. Satsar du alle pengane på få hjernar, går du glipp av variasjonen. Eg vil sjølvsagt gjere det beste eg kan med pengane, men det kan jo finnast andre der ute som ville ha gjort noko betre. Studiar finn ingen korrelasjon mellom rangering av prosjektsøknadar og forskarane sin produktivitet i etterkant, seier han.

Saman med kollegaen Johan Bollen, som forskar på informatikk og sosiale nettverk ved Indiana University i USA, har han lansert ei enkel løysing: Dropp søknadane. Gje pengane til folk, ikkje til prosjekt.

FORESLÅR INTERN FORDELING

– Sjølvsagt vil somme bruke pengane betre enn andre. Spørsmålet er korleis vi kan vite kven det er lurast å satse på. Det beste vi kan gjere, er å bruke «visdomen til dei mange», seier Scheffer.

Ideen, som dei kallar SOFA (Self-Organized Fund Allocation) går ut på at ein først gjev eit likt beløp til alle forskarar. I neste steg må forskarane gje ein viss del av midlane vidare til ein annan forskar dei meiner fortener finansiering. Det kan gjerast ved hjelp av ei digital plattform der ein kan leggje inn automatiske avgrensingar, til dømes slik at ingen kan gje pengar til slektningar, tidlegare studentar, forskarar i same forskingsgruppe, eller forskarar ein sjølv har fått pengar frå. Johan Bollen har testa ei simulering av systemet, og meiner det er grunn til å tru at det vil fungere.

– Så kan ein også repetere dette steget slik at alle som får pengar, må gje vidare ein del av det dei får. Dermed vil dei største mottakarane også bli dei største donorane. Og ein kan velje å legge inn optimaliseringsalgoritmar og korreksjonsfaktorar, slik at ein kan korrigere for kjente mekanismar som at menn får meir enn kvinner, forklarar Scheffer.

KAN INKLUDERE FOLK FLEST

Ein treng ikkje eingong stanse ved forskarsamfunnet, meiner han. Det er ingenting i vegen for at også folk utanfor academia kan vere med på å fordele pengane gjennom det same systemet.

– Det ville vere ein transparent måte å sikre samfunnsengasjement på. Og det ville oppmunde forskarane om å kome ut av elfenbeinstårnet og snakke om forskinga si.

– Forskarar blir allereie i dag skulda for å overselje forskinga si for å hevde seg i konkurransen om midlar. Vil ikkje dette berre forsterke den mekanismen?



FOTO: PRIVAT

■ – Vi vil gjerne teste systemet og sjå korleis det heng i hop med produktivitet, seier Marten Scheffer.

– Det er sjølvsagt ein risiko. Men folk tek ulike avgjerder – heldigvis. Somme vil gje pengar til kreftforskarar som stadig er på tv, men går du for hardt ut, risikerer du også å skuffe og irritere folk. Og somme vil aktivt velje å støtte meir ukjende forskarar med gode idear.

– Kva med unge forskarar som ikkje har skaffa seg eit stort nettverk?

– I dag er det fleire som vil inn i ein forskarkarriere enn det er plass til. Vi kan ikkje gjere så mykje med det. Men er du først innanfor, vil systemet vårt i det minste sikre deg ei stabil basisløyving.

Scheffer meiner det er eit problem at ein i dag prøver å selektere ut dei beste hovuda på eit veldig tidleg stadium i karrieren.

– Dei som er middelaldrande, briljante forskarar i dag, var ikkje det som unge. Vi fekk tid på oss til å prøve oss fram og til å vekse. Er dei som gjer det best tidleg i tjuetåra, nødvendigvis dei same som vil gjere det best tjuet år seinare? Det kan vi ikkje vite.

SKAL TESTE ALTERNATIV

Etter at Scheffer og Bollen presenterte systemet sitt, er dei blitt møtte med stor interesse både frå media og politikarar i Nederland. Det nederlandske forskingsrådet NWO har ei stund vore i samtalar med styresmakter og institusjonar om korleis ein kan redusere tida forskarane nyttar til søknadsskriving. Sist juni vedtok parlamentet å sette i gang pilotprosjekt for alternative finansieringsmåtar, og SOFA er mellom ideane som blir vurderte.

– I NWO har vi lenge diskutert korleis vi kan gjere dette betre. Vi vurderer alternative løysingar, men det er for tidleg å seie kva vi landar på. Scheffers system er veldig interessant og noko vi vurderer sterkt. Men det er også mange andre alternativ, seier pressekontakt i NWO, Olivier Morot.

Budsjettet til NWO gjev i dag rom for å støtte 25 prosent av søknadane som kjem inn.

– Så vi kan ikkje berre flytte ein stor del av eit allereie trøgt budsjett over til ein uprøvd fordelingsmekanisme som vi ikkje kan vere sikre på om vil fungere. Dessutan er vi svært opptekne av at forskingskvaliteten må sikrast også med eit alternativt system, seier Morot.

NWO skal utvikle moglege alternativ over dei neste månadane, i dialog med det nederlandske Utdannings-, kultur- og forskingsdepartementet og med institusjonane.

– Spørsmålet er korleis vi kan vite kven det er lurast å satse på.

MARTEN SCHEFFER

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

VERST FOR SMÅ BIBLIOTEK

Mange er spente på kvardagen når fleire små bibliotek skal bli eitt stort universitetsbibliotek.

FUSJON

– For dei små biblioteka som skal inn i ei større eining, blir det utfordrande. Men det vil nok også bli positivt reint fagleg, seier Lisbeth Tangen, bibliotekdirektør ved NTNU.

Etter alle fusjonane er mange bibliotekarar spente: Korleis vil det gå når høgskulebiblioteka skal inn i større universitetsbibliotek? Vil dei «forsvinne» eller bli integrerte i storbiblioteket?

Tangen fortel at organiseringa av universitetsbiblioteket ved NTNU ikkje er klar etter fusjonen med Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST), Høgskolen i Gjøvik og Høgskolen i Ålesund.

Men det som er klart, er at NTNU berre får eitt universitetsbibliotek og ein leiar:

– Det blir *ein* bibliotekdirektør, som alle må rapportere inn til. Men så spørst det korleis ein skal organisere seg når det gjeld Gjøvik og Ålesund, og korleis tidlegare HiST skal innlemmast i det nye universitetsbiblioteket.

STØRST ENDRING FOR HIST

Tangen trur det blir størst endring for gamle HiST.

– Dei andre to er så langt unna, så dei må utføre oppgåvene der dei er. Men ved HiST skal biblioteka inn i noko større. Korleis dette vil sjå ut, er ikkje avklara.

Ho seier at heilt uavhengig av fusjonar vil den største utfordringa for NTNU-bibliotekarane framover bli at store delar av litteraturen er digital.

– Dette vil måtte medføre store endringar i måten vi jobbar på. Vi ser dette allereie i dag. Ved høgskulane, som hovudsakleg har studentar på bachelornivå, legg dei meir vekt på boksamlingar, medan universitetsbiblioteket ved NTNU har mykje meir digitalt materiale. Så det blir ei utfordring framover å balansere dette, slik at alle studentane og forskarane får eit godt tilbod, seier Tangen.

Ved NTNU er det sett ned ei gruppe som skal sjå på omorganiseringa av bibliotekenes-tene, og eit forslag skal leggjast fram 1. desember.

- IDENTITET ER VIKTIG

Også ved Nord universitet blir det snart ny organisering av bibliotekenes-tene. Etter at Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT) og Høgskolen i Nesna vart slått saman med Universitetet i Nordland, skal åtte bibliotek bli til eitt universitetsbibliotek.

– For oss bibliotekarar har fusjonsprosessen vore fylt av praktisk arbeid. Alt går veldig fort, og det har vore lite tid til å dei store tankane om framtida, seier spesialbibliotekar Ingrid Eggen ved Nord universitet. Ho har vore tilsett ved tidlegare HiNT, og har mellom anna delteke i ei gruppe som driv med strategiarbeid for det nye universitetsbiblioteket.



FOTO: NILS EIKELAND/NTNU

■ Snart blir tidlegare høgskulebibliotek til eitt universitetsbibliotek ved nye NTNU. Her frå lesesalen Gunnerusbiblioteket.



FOTO: NILS EIKELAND/NTNU

■ – Det er ikkje bestemt kven som blir ny bibliotekdirektør ved NTNU. Sjølv skal eg slutte, seier noverande direktør Lisbeth Tangen.

– Mange arbeidsgrupper har vore i sving det siste året for å førebu samanslåing av databasar og få til felles rutinar for biblioteket.

Eggen seier biblioteka har svært ulik storleik, men også forskjellig kultur:

– Noko av det viktigaste framover er kultur- og identitetsbygging. Høgskolen i Nord-Trøndelag vart danna av fire mindre høgskular for tjuve år sidan, og eg veit kor lang tid det tok oss den gongen å bli *ein* høgskule. Det er også litt uro for at vi berre blir eit underbruk av Bodø, fordi dei der er så store samanlikna med oss som kjem inn.

Eggen trur likevel fusjonen vil føre med seg ein del positivt:

– Vi får mange nye kollegaer, og opplevinga

så langt er svært positiv. Men det kan bli vanskelegare å få til ting når organisasjonen blir tyngre. Eg er også spent på kor lang avstand det blir til nærmaste leiar, kvar personalleiinga skal sitte, og om vi får fagleg leining på kvart einskild bibliotek.

- MEIR TUNGRODD

Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (UiT) har fleire års erfaring med fusjon. Erlend Kristensen er spesialbibliotekar og koordinator for Altabiblioteket ved UiT. Han seier det er ei stund sidan Høgskolen i Finnmark fusjonerte med UiT, så endringane er ikkje lenger like tydelege.

– Men vi fekk «fri» frå ein del arbeidsoppgåver som vi før hadde lokalt her ved biblioteket. Det gjeld for eksempel forhandlingar om lisensavtalar og forvaltning av eit institusjonelt arkiv. Også mottak og katalogisering er sentralisert, fortel Kristensen.

Han seier det i dei fleste samanhengar er inspirerende å vere del av eit større fagmiljø.

– Men ein del ting kan vere meir uoversiktlig og tungrodd enn før.

Biblioteket hadde tidlegare ein lokal bibliotekleiar, som no er erstatta av ein koordinator.

– Den lokale koordinatoren har leiaransvar, men ikkje personalansvar. Personalleiinga er ikkje til stades i det daglege, og dette kan nok av og til opplevast som utfordrande, seier Kristensen.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

– «EXCELLENCE» MÅ LÆRAST

Den beste forskinga blir skapt i miljø som stimulerer til gode idear. Men konkurransen om å bli best kan også ha uheldige biverknader, trur norske forskarar.

FORSKINGSKVALITET

– Det er bra å satse på nokre få, sterke miljø for å kome over den kritiske massen som trengst for å etablere eit godt forskingsmiljø lokalt. Å kunne teste idear med kollegaer over ein kaffikopp eller på eit lokalt seminar er veldig viktig, seier Nils Chr. Stenseth, professor i biovitenskap ved Universitetet i Oslo og leiar for Centre for Ecological and Evolutionary Synthesis (CEES). CEES er eitt av dei norske sentera for framifrå forskning (SFF).

ER SAMDE OM TOPPFORSKING

Forskerforum skreiv i førre nummer at retorikken kring «excellence» i forskning møter kritikk internasjonalt. Konkurransen om å bli mellom dei beste, skapar insentiv til å fuske, og det finst heller inga semje om kva framifrå forskning eigentleg er, meiner kritikarane. Det siste er ikkje Stenseth samd i.

– Stort sett er eg og kollegaene mine samde om kva som utgjør toppforskning innan mitt felt. Det er den ein finn i dei beste fagfellevurderte tidsskrifta, seier han.

Han presiserer at det sjølvstendig også blir publisert dårleg forskning i topp-tidsskrifta. Men tidsskrifta hjelper ein å orientere seg i mengda av artiklar.

– Eg er berre i stand til å vurdere forskning innanfor eit lite felt, men eg har meir tiltru til dei største tidsskrifta. Rett nok kan eg då gå glipp av gode arbeid som er publiserte andre stader, og det er sant at nybrottsarbeid ofte ikkje får gjennomslag før det har gått ei tid. Forsking er eit konserverande system. Men ein artikkel finn nesten alltid ein publiseringskanal, slik at arbeidet vil bli fanga opp.

FRYKTAR FOR UNIVERSITETA

– Eg meiner nok at problemet med forskingskvalitet i Noreg handlar mest om faren for at universiteta får ei svekt rolle og får for lite ressursar, seier professor Trygve Wyller ved Det teologiske fakultetet ved UiO.

Wyller var motkandidat til Ole Petter Ottersen ved rektorvalet i 2009. Då argumenterte han for at ressursane ved UiO måtte fordelast slik at alle forskarane kunne sikrast gode arbeidsvilkår, i staden for å konsentrere ressursar kring nokre få toppmiljø. Mykje av kritikken mot «excellence»-retorikken vekker minne frå den gongen, men han meiner ein debatt om «excellence» i Noreg må ta omsyn til strukturen i det norske forskingslandskapet.

– Etter kvart som norske forskarar no skal søke meir pengar frå EU, kan kanskje fleire miljø sikre seg store summar slik at dei kan hevde seg på eit internasjonalt nivå. Men eg meiner framleis at dei smartaste ideane og publikasjonane ikkje alltid kjem frå slike prosjekt, seier han.



FOTO: NORDFORSK/TERJE HEIESTAD

■ – Norske toppforskingstiljø er viktige for å utvikle forskartalent, seier Nils Chr. Stenseth.

MILJØET AVGJER

Wyller trur at å konsentrere ressursar om store toppforskingssenter ikkje gjev dei beste vilkåra for fagleg fornying.

– Toppforskingssentra får jo pengane sine som resultat av fagfellevurdering frå tilsvarande forskarar, så dei representerer dei beste mellom dei etablerte. Men eg trur at dei som verkeleg tenkjer nytt, gjer det fordi dei har arbeidsro til det, på same tid som dei er tvinga til å møte tankane i det intellektuelle miljøet dei er ein del av. Og den typen miljø trur eg ein finn ved universiteta.

Stenseth er samd i at miljøet er avgjerande for kor god forskning ein kan produsere. Nettopp difor meiner han det er viktig at dei beste blir satsa spesielt på.

– Talent er spreidd jamt utover, men «excellence» er det ikkje. Det er noko ein må lære. Vi prøver jo å løyse ting som i utgangspunktet er vanskelege og kanskje uløyslege, av og til veit

vi ikkje eingong kva spørsmålet er. Som leiar for eit SFF ser eg ein skilnad mellom våre studantar og dei som høyrer til andre stader. Det har ingenting med talent å gjere, men med om ein er del av eit miljø som framelskar evna til å takle faglege problemstillingar.

FUSK EIT REELT PROBLEM

Stenseth gjev derimot kritikarane rett i at «excellence»-jaget og publiseringspresset kan gjere det freistande å fuske.

– Ja, det er eit heilt reelt problem, og dessverre ofte vanskeleg å oppdage. Det gjer meg av og til nervøs, for det er heilt avgjerande at forskarar kan lite på kvarandre. Blir den tilliten broten, kan mykje skje. Men igjen trur eg at dersom ein har ein lokal kultur for å teste argumenta sine mot kvarandre, så kan det redusere risikoen for fusk, seier han.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

– Eg har inga tru på at teljekantsystemet er godt eigna til å fange opp forskingskvalitet.

TRYGVE WYLLER

FUSJONER

REGJERINGEN DEMPER PRESSET

Vi er nå ferdige med den politisk påtrykkede strukturprosessen. Det sa statssekretær Bjørn Haugstad under sin tale til Forskerforbundets forening for teknisk/administrativt personale, som feiret 50 år i oktober. Det var bare dager etter at regjeringen godkjente fusjonssøknaden til høyskolene i Lillehammer og Hedmark. Den nye institusjonen skal fra 1. januar 2017 hete Høgskolen i Innlandet. Dermed er 33 statlige universiteter og høyskoler på få år blitt til bare 21.

INDIKATORRAPPORTEN

Publiseringsvekst

■ Norge er blant de vestlige landene som har sterkest vekst i antall vitenskapelige publiseringer. I tillegg siteres norske artikler oftere, og er nå på nivå med Sverige og Finland, men bak Danmark, Nederland og Sveits. Det viser tall fra Indikatorrapporten 2016, en årlig oversikt over det norske forsknings- og innovasjonssystemet. Rapporten viser at innovasjonsgraden i norske foretak nå er fullt på høyde med resten av Norden, og vel halvparten av norske foretak hadde innovasjonsaktivitet fra 2012–2014.

FORSKNINGSETIKK

Få vil studere juks

■ Etter å ha fått nei fra Kunnskapsdepartementet, Forskningsrådet og andre store universitet finansierer nå universitetet og høgskolen i Bergen, samt De nasjonale forskningsetiske komiteene selv en studie av tilstanden for forskningsetikken i norsk akademia. – Det er rart at ikke KD tar seg bryet med å finne ut mer om tilstanden for forskningsetikken når de legger fram en ny lov om forskningsetikk, sier initiativtaker Matthias Kaiser, leder ved Senter for vitenskapsteori ved UiB, til På Høyden.

ARBEIDSMILJØ

Flere sykler

■ Dobbelte så mange ansatte ved UiT – Norges arktiske universitet deltok i årets sykle til jobb-aksjon. – Fra i fjor til i år har deltakelsen økt med 104 prosent, fra 300 til over 600 deltakere. Det har vært med deltakere fra alle campuser, sier leder for sykkelgruppa i bedriftsidrettslaget til UiT Steinar Trædal-Henden på uit.no. Han takket spesielt rektor Anne Husebekk for premier fra UiTs parkeringsinntekter og mente det bidro til ekstra stor deltagelse. Husebekk uttaler at hun lover å delta selv neste år.

KULTURMINNEVERN

Redskap returnert

■ En kulturgjenstand (bildet) som ble funnet i et vernet kulturområde på Hardangervidda og tatt ut av landet av en nederlandsk arkeolog, er nå returnert. Da norske kulturvernmyndigheter oppdaget forholdet, ble nederlanderanmeldt til politiet for brudd på kulturminneloven, samt straffelovens bestemmelser om underslag. Kulturdepartementet krevde så av nederlandske myndigheter at redskapet laget av gevir skulle utleveres. Arkeologen tok også med seg annet gammelt gevirmateriale, som ennå ikke er returnert.



FOTO: SVEIN SKARE/UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN



UNDERVISNING

Indre motivasjon viktig

■ – Er høyere lønnstrinn og titler de viktigste motivasjonsfaktorene for at de vitenskapelige ansatte utvikler seg som undervisere i academia? Det er vi ikke så sikre på, sier utdanningsleder Gro K. Dæhlin ved NTNU i Gjøvik til Universitetsavisa. Gjøvik har gitt sitt innspill til det nye meritteringssystemet for undervisning som NTNU og Universitetet i Tromsø har utarbeidet. Selv om Dæhlin ser mye bra med systemet, etterlyser hun mer søkelys på hva som kan være indre motivasjonsfaktorer for undervisere.

– Vi kan ikke realisere ambisjonene uten dere, sa Bjørn Haugstad til teknisk-administrativt ansatte medlemmer i Forskerforbundet.



FOTO: ANSEL KJERVIDNES

OMSTILLING

AVHENGIG AV TA-ANSATTE

De universiteter eller høyskoler som underinvesterer i teknisk-administrativt ansatte (TA), underleverer på forskning og utdanning, sier statssekretær i Kunnskapsdepartementet Bjørn Haugstad til Forskerforum. Han gjestet nylig 50-årsjubileet til Forskerforbundets forening for teknisk-administrativt ansatte, og understreket deres rolle i de pågående fusjonene. – Omorganiseringsprosessene trefrer særlig denne gruppen, sa Haugstad.

LEDELSE

Kun for professorer

■ Universitetet i Oslo (bildet) har vedtatt at nye rektorkandidater må ha professorkompetanse. Det er dermed slutt på at studenter kan stille til valg, noe som skjedde i 2013, skriver Uniforum. Ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet er de ikke like strenge, og har nå bestemt seg for å kreve doktorgrad, men bare «fortrinnsvis professorkompetanse». Tidligere i høst vakte det reaksjoner at styret ikke krevde noen av delene, men det viste seg å være en feil at ikke doktorgrad var ønsket, ifølge Khrono.



DOKTORGRAD

Flere i det offentlige

■ Forskningsrådet har gitt penger til 29 nye doktorgradsprosjekter gjennom ordningen med offentlig sektor-ph.d. Interessen for denne ordningen er svært stor, opplyser rådet. Ordningen betyr at offentlige virksomheter kan søke støtte fra Forskningsrådet til å dele på utgiftene slik at en ansatt kan gjennomføre en doktorgrad med relevant innhold for virksomheten. Ordningen startet i 2014, og med de 29 nye prosjektene blir det nå 53 ph.d.-kandidater i offentlig sektor.

TOPPFORSKNING

Agderforsker fikk pris


■ Stipendiat Øystein Sylta ved Universitetet i Agder har fått den europeiske innovasjonsprisen European Athletics Innovation Award for banebrytende idrettsforskning. – Det var selvfølgelig flott å gå helt til topps. Men egentlig er det enda bedre å se at den forskningen vi gjør, faktisk har betydning for utøverne, sier Sylta på uia.no. Forskningen viser at total treningsbelastning med både rolige og harde treningsøkter er det som teller, og ikke hvordan man organiserer hard-øktene.

Fri til å forske

Endeleg slutt på alle plikter. Men pensjonistane forskar berre meir enn før.

AV JOHANNE LANDSVERK





– Det beste er å slippe timeplanen, meiner f.v.
Atle Seierstad, Finn Førund, Yngve Willassen,
Erik Biørn og Arne Strøm (Foto: Erik Norrud)



– Eg kjem nok til å reise meir, men elles har eg ikkje store planar, seier Diderik Lund, som no mistar kontoret med den vakre utsikta. (Foto: Erik Norrud)

Det er siste arbeidsdag for Diderik Lund. Han har alt rydda pulsten sin på det store kontoret sitt med utsikt over Blindern. Bokhyllene får vente.

– Heldigvis får eg behalde kontoret mitt ut semesteret, så eg har god tid, seier økonomiprofessoren, som no går av etter 32 år på Økonomisk institutt ved Universitetet i Oslo (UiO).

Frå i dag er Lund ein fri mann: – Ja, no er det slutt på alle avtalar og plikter, bortsett frå at eg framleis skal vere rettleiar for ein masterstudent.

Så kva drøyer Lund om å finne på som pensjonist?

– Det er mykje ein kan gjere på fritida som eg ikkje har hatt tid til. Eg kjem nok til å reise ein del og vere meir på hytta. Men eg har også faglege interesser, så eg har lyst til å halde fram med å forske. Tidlegare har eg forska mykje på skatt og på skattlegging av oljeselskap, og innanfor feltet er det framleis mykje å forske på. I faget mitt kan ein forske utan store kostnader, for eg er ikkje avhengig av å kjøpe datamateriale.

Lettare å forske

– Men du har ikkje spurt kor gamal eg er? Eg er berre 63 år, og går av heilt frivillig med AFP, seier Lund. Han er nemleg ikkje ein typisk UiO-professor i så måte:

Av 174 professorar som gjekk av med pensjon ved UiO i perioden 2010–2016, gjekk 154 av i samband med at dei fylte 70 år. Berre 20 personar gjekk av med avtalefesta pensjon (AFP).

– Det er ulike personlege grunnar til at eg har valt å slutte, og eg har økonomi til det, seier Lund.

No vil han få tilbod om felleskontor saman med andre pensjonistar. Og han gler seg til uavbrotne dagar:

– Slik sett trur eg det blir lettare å forske no, fordi eg slepp å bli avbroten av andre plikter og gjeremål heile tida. Men eg veit jo ikkje om eg kjem til å forske meir enn før.

På eitt av dei tre «emerituskontora» sit Atle Seierstad, Yngve Willassen og Arne Strøm. Her er dataskjermar fulle av matematiske formlar, vitenskaplege artiklar skal skrivast, og bøker skal publiserast.

Strøm har vore med på å redigere stadig nye utgåver av ei lærebok for økonomar: *Essential Mathematics for Economic Analysis*. På pulsten

ligg femte utgåva, rykande fersk frå trykkeriet.

– Vi er fleire som held på med dette. Førsteutgåva på norsk vart skriven av Knut Sydsæter i 1967, og etter kvart har boka kome på svensk, engelsk, tysk, fransk, spansk, italiensk, ungarsk, portugisisk, tyrkisk, ja til og med albansk!

Strøm er 75 år og er førsteamanuensis emeritus. Han gjekk av då han var 70, som dei aller fleste på instituttet. Strøm har også undervising i to veker i starten av kvart semester, men elles står han fritt til å planlegge dagane.

– Det beste er å sleppe timeplanen. Eg kan velje å vere heime ein dag om det stridregner, seier han.

Pensjonsalder ved UiO

- Gjennomsnittleg pensjonsalder for alle tilsette: 68 år
 - Gjennomsnitt for professorar: 69,2 år
 - Gjennomsnitt for vitenskapleg-, teknisk- og administrativt tilsette: 67,4 år
- Kjelde: Universitetet i Oslo

Publiserer meir

På nabokontoret sit Erik Biørn og Finn Førund.

Dei avgatte professorane stod begge i jobb til dei var 70. Biørn er 72 og er nettopp ferdig med ei stor lærebok i økonometri for eit engelsk forlag.

– Eg forsakar også på metodar for å kvantifisere realkapitalen i samfunnet, eit emne eg har vore oppteken av ganske lenge, seier han.

Som pensjonist produserer han i gjennomsnitt meir forskning enn han gjorde før.

– Når ein underviser, får ein ikkje samanhengande tid til å forske, men det får ein som pensjonist. Eg orkar ikkje å sitje oppe utover natta slik eg av og til gjorde før, men no kan eg jobbe samanhengande utan avbrott og retting av eksamensoppgåver. Alt i alt publiserer eg meir, sjølv om det varierer frå år til år. I fjor publiserte eg tre artiklar, seier Biørn.

Førund fyller snart 73 år, og også han har like stor produksjon som tidlegare.

– Det blir ein eller to artiklar kvart år. Forskjellen er at no har eg tid til å jobbe mykje grundigare med forskinga. Så lenge eg hadde forelesingar, var det stort tidpress på begge oppgåvene, men no kan eg grave djupare, slik at sjølv forskinga vert betre.

Han har blant anna forska på effektivitet i offentleg sektor.

– I går fullførte eg eit paper om produktivtetsutviklinga ved norske universitet og høyskular. Det var eit oppdrag for Kunnskapsdepartementet, men vi som fekk oppdraget, hadde full fagleg fridom.

Saman med to medforfattarar har han skrive ein artikkel som nyleg vart akseptert i eit internasjonalt fagfellevurdert tidsskrift.

– Det som er artig for oss pensjonistar, er at instituttet får glede av dette i form av publiseringspoeng. Men sjølv får vi ikkje betalt, seier han.

– Har gode vilkår

Instituttleiar Steinar Holden seier publikasjonar utført av pensjonistar gjev inntekter til instituttet.

– Pensjonistane er ein del av det faglige miljøet, og deltek på forskingsseminar og liknande. Vi har jo også utgifter knytt til pensjonistane, som kontorplass, pc-ar og kontormateriell.

Han meiner emeritusane ved instituttet får gode vilkår.

– Dei som forsakar, får støtte til å delta på konferansar og til kjøp av datamateriale.

Han seier det ikkje er Økonomisk institutt som har mest avgang ved UiO for tida.

– Er det likevel eit problem at kompetanse forsvinn?

– Ja, viktig kunnskap blir borte. Samtidig kjem ny kunnskap inn. Når ein sluttar, får vi frigjort ei stilling, og det kan bli plass til yngre krefter. I dagens samfunn er det endå meir bruk for den nye kompetansen. Men blant dei som går av, er mange svært dyktige, og nokre av dei får vi framleis glede av. Vi har fleire som underviser sjølv om dei er pensjonistar, seier Holden.

– Ville slutta på dagen

Harald Goldstein er ein av dei. Trass i at han er 73 år, underviser han som før:

– Eg har ansvar for eit heilt kurs, med to forelesingar i veka, eksamen og alt som følgjer med. Det er i praksis den same arbeidsmengda som då eg var i full jobb. Forskjellen er at eg får timebetalt og berre har pensjonistlønn. Men det er moro å undervise, så eg har lyst til å halde på litt til.

For nokre år sidan fekk Goldstein pris for beste undervisning ved instituttet.

– Eg har fått god tilbakemelding på undervisninga, og eg treng pengane, så dette er ein vinn-vinn-situasjon. Men dei fleste har nok såpass bra pensjon at dei heller vil bruke tida på eigne forskarinteresser, seier Goldstein, som sjølv er statistikar. Han tek konsulentoppdrag og hjelper til i andre forskingsprosjekt.

– Men identiteten min har i svært liten grad vore knytt til jobb, eller Noreg for den saks skuld. Det viktigaste med jobben er at han skaper glede og inntekt. Tittelen min som statisti-

– Forskjellen er at no har eg tid til å jobbe mykje grundigare med forskinga.



– Eg kutta over navlestrengen og satsa på kunsten då eg var 68, seier Amelie Fougner. Her frå atelieret på loftet. (Foto: Johanne Landsverk)

kar eller universitetstilsett betyr ingenting for meg. Eg ville utan skruplar ha slutta på dagen om noko anna spennande hadde dukka opp.

Finn Førsum seier jobben har blitt ein del av identiteten hans:

– Det er difor eg held fast på å dra på forskingskonferansar, for då får eg halde ved like forskaridentiteten min. Men det blir stadig vanskelegare å få fullfinansiert deltaking på konfe-

ransar. Dei unge blir prioritert, seier Førsum.

– Som pensjonist kunne du ha dyrka ein hobby?

– Når ein vel ein forskarkarriere, blir gjerne hobby og karriere smelta saman. Når eg ligg på ei badestrand ved Middelhavet, pønskar eg heile tida på eit forskingstema. Det gjeld å tenke ut nokre gode idear, og dei kan like godt dukke opp på stranda.

Han kjenner ingen som har brote over tvert og begynt med noko heilt anna.

– Nei, ingen professorar, men nokre av lektorane ser vi ikkje meir til her oppe.

Satsa på kunsten

Då er det kanskje annleis for lektorane? Men Erik Dahlgren, hovudtillitsvald for Forskerforbundet ved Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA), seier trenden er den same der:

– Eg har inntrykk av at dei fleste held på så lenge dei kan. Kanskje spesielt professorar og førsteamanuensar, men mange av lektorane held også ut.

Han fortel at høgskulen har bortimot 300 tilsette som nærmar seg sluttalderen.

– Det finst nokre som seier takk og farvel når dei når pensjonsalderen, men dei fleste er så genuint interesserte i faga sine at dei fortset å jobbe også etter fylte 70. Dei fleste som går av, får tilbod om kontor plass på seniorsenteret. Mange pensjonistar er svært ivrige og deltek i ulike forskingsprosjekt.

Amelie Fougner var tilsett som førstelektor i sosialpedagogikk ved barnevernsutdanninga ved HiOA. Då ho fylte 68 for tre år sidan, slutta ho i jobben for å satse på biletkunsten.

– Eg har jobba parallelt med biletkunst ved sida av jobben som førstelektor, så eg la grunnen for ein kunstnar karriere for tjuetretti år sidan. For meg var det viktig å ikkje slutte med eit brak utan å vite kva eg skulle drive med etterpå.

– Men endeleg kunne du drive med det du

– Pensjonistlønn er eit overgrep

Professor Bernt Hagtvatn sit ikkje på eit bortgøymd emerituskontor på Institutt for statsvitenskap. Dette semesteret underviser han på Yale i USA.

– Eg er så rasande på den helvetes personalpolitikken til UiO. Eg vart kalla til Yale, men fekk forbod mot å undervise i mine egne kurs på masternivå fordi eg fylte 70 – utan å vere skuldig i det sjølv! Det var for «trongt» på det nivået, som dåverande instituttstyrar så omsorgsfullt formulerte det. I klartekst vil det seie at det er ein frykt for at eg skal trekke til meg for mange studentar og dermed tømme andre sine kurs.

Men Hagtvatn fekk tilbod om å undervise på «grunnfag» som han kallar det.

– Eg kunne få undervise i folkemordkurset mitt, som trekkjer til seg 200 studen-

tar kvar vår, men til slavelønn. Det fann eg uverdig, seier Hagtvatn. Han meiner såkalla pensjonistvilkår er eit reint overgrep:

– Eg kjem aldri til å akseptere slike vilkår.

Personaldirektør Irene Sandlie vil ikkje kommentere forhold knytt til einskildtilsette.

– Men tilsette ved UiO er omfatta av lov om aldersgrense for offentlege tenestemenn. Aldersgrensa i staten er 70 år.

Ho seier lova likevel opnar for at tilsette kan fortsetje med lønna arbeid utover fylte 70 år. UiO kan forlenge tilsetjingsforholdet om behovet for den tilsette er direkte relatert til UiOs verksemds- og kompetansebehov.

– Når det gjeld lønn til pensjonistar, held UiO seg til retningslinene i staten, der det er egne satsar for pensjonistlønn, seier ho.



På emerituskontoret til Atle Seierstad, Yngve Willassen og Arne Strøm blir det produsert bøker og vitenskaplege artiklar. (Foto: Erik Norrud)

hadde lyst til?

– Eg visste at eg skulle halde på med kunst, men likevel var eg i tvil om eg skulle fortsette i jobben til eg fylte 70. Eg dreiv med forskingsarbeid innanfor pedagogikk, noko eg likte svært godt. Men eg ville gå av medan eg framleis hadde kraft i meg til å jobbe seriøst med biletkunst.

Før ho slutta fekk Fougner bygd seg eit atelier på loftet over leilegheita. Så i staden for å gå på seniorsenteret for å forske, går ho på loftet sitt for å måle.

No deltek ho på utstillingar, og lever i eit aktivt kunstnarliv i eit fagmiljø med andre biletkunstnarar.

– Vi lever jo lange liv, og ein må fylle det med noko som gjev mening. No har eg funne noko eg kan halde på med resten av livet!

Spesielle professorar

Tove Midtsundstad, seniorforskar ved Forskingsstiftinga FAFO, seier det generelt er få som held fram i yrkeslivet etter fylte 67 år, sjølv

om talet er aukande. Ho meiner det er heilt spesielt for professorar å stå så lenge i jobb.

– Elles i samfunnet er det mange som fell frå allereie før dei kan ta ut AFP eller alderspensjon frå fylte 62 år. Men dess høgare utdanning, dess seinare går ein av, det viser også internasjonal forskning, seier ho.

– Kvifor er det slik?

– Det som ofte avgjer, er helse og økonomi. I kva grad er jobben belastande psykisk eller fysisk, og i kva grad er han interessant nok til at ein vel å fortsetje? I professorgruppa vil nok mange seie at jobben er ein hobby, og difor held mange også fram som professor emeritus utan å få noko att for det økonomisk.

Midtsundstad meiner professorar er flinke til å fremje sine behov.

– Men ein kan forstå at dei som er friske og ressurssterke, også vil halde på lenger enn til dei er 70.

Men Diderik Lund synest det er bra at 70-åringar må slutte ved UiO.

– Det vil etter kvart bli eit stort problem for universitetet om mange ønskjer å fortsetje i jobben etter dei er 70. Og det er slett ikkje sikkert det er akkurat desse UiO vil ha. Alle vil velje ut frå egoistiske ønske. Heller ikkje eg går av no fordi det er til det beste for andre, men fordi det passar for meg, seier Lund, før han låser seg ut av det store kontoret sitt. Snart ventar eit trøgt emerituskontor.

– Det er lenge sidan eg har delt kontor med andre, men eg trur det skal gå greitt! ■

– Kva er avgjerande for når du pensjonerer deg?



KJELL MAGNE FAUSKE
Sjølvtendig næringsdrivande
(56 år, Gol)

– Eg driv for meg sjølv som revisor og rekneskapsførar, så eg vil halde på så lenge eg kan følgje med reint fagleg og klare alle kvalitetskrava til jobben min. Men det verkar forlokkande å ha mykje fritid.



HILDE KIRKEBØEN
Diakon i Den norske kyrkja
(43 år, Ål)

– Det er avhengig av kor tøff jobb eg har når det nærmar seg pensjonsalderen, og kor sliten eg er. Og det kjem heilt an på om det er noko anna eg heller vil bruke tida mi på.



HEIDI HØDNEBO
Vernepleiar i Risør kommune
(61 år, Risør)

– Eg likar jobben min, så eg har tenkt å halde på så lenge eg greier å oppdatere meg og har noko å gje. Eg har ikkje nok pensjenspoeng til å få ein stor pensjon, men det tenker eg veldig lite på.

Emeritus/emerita

- frå latin: «uttent», ei nemning som vert brukt om pensjonerte personar som har avslutta tilsetjingsforholdet sitt ved ein lærestad, men som enno har ei fagleg tilknytning til lærestaden.

EUROPA

ØST + VEST

Forskningsuniversiteter på tvers av Europa forener krefter i et nytt samarbeid, skriver University World News. League of European Research Universities (LERU), med sine 21 medlemmer, har inngått et samarbeid med sju forskningsuniversiteter i Sentral- og Øst-Europa (CE7). Universiteter i Serbia, Ungarn, Slovenia, Tsjekkia, Estland, Polen og Kroatia deltar i LERU-CE7. Målsettingen er større suksess i søknader om forskningsmidler fra EUs forskningsprogram Horisont 2020, og flere bilaterale forsknings- og utdanningsavtaler.

DANMARK

Frikjent for menneskesmugling

■ To studenter ved Københavns universitet har stått tiltalt for menneskesmugling etter å ha forsøkt å frakte flyktninger fra Danmark til Sverige. Nå er de og to andre medtiltalte frikjent i Københavns Byret, skriver Universitetsavisen. – Vi har lyktes å sette fokus på den urettferdige danske utlendingslovgivningen, men familier er fortsatt splittet på grunn av lukkede grenser, så det er kun en liten seier, sier statsvitenskapsstudent Annika Holm Nielsen.



FOTO: FLICKR/CC

SVERIGE

Henger etter

■ Sverige mangler langsiktighet, har dårligere vilkår enn Nederland og Danmark, et svakere akademisk lederskap og en svakere kvalitetskultur. Det konkluderer en dansk forskningsrapport som sammenlikner forskningen i de tre landene, skriver fagbladet Universitetsläraren. Studien som er gjennomført av Danmarks forsknings- og innovasjonspolitiske råd, peker ut manglende finansiering og prioritering av undervisning fremfor forskning i 1980- og 90-årene som en av årsakene.



TYRKIA

Økende press

■ Tyrkiske akademikere har følt et økende press fra myndighetene i lang tid, viser en studie gjennomført av amerikanske forskere. Elaine Howard Ecklund, David Johnson og Kirstin Matthews skriver i The Scientist om en undersøkelse som omfatter 22 000 biologer og fysikere i åtte land, deriblant Tyrkia. De tyrkiske forskerne melder om at politisk og religiøs konformitet går på bekostning av vitenskapelig fremgang, blant annet fordi finansiering og utnevnelser skjer på bakgrunn av religiøs eller politisk tilknytning.



NEDERLAND

Krever milliarder

■ Nederlandske universiteter krever at myndighetene øker bevilgningene til forskning med én milliard euro i året, skriver Times Higher Education. Det er det som må til om landets universiteter skal holde seg på et fremragende nivå, ifølge paraplyorganisasjonen VSNU, som representerer 14 forskningsintensive universiteter. – Dagens regjering har ikke investert nok i forskning. Vi har stått på stedet hvil de siste to årene, sier VSNU-leder Kar Dittrich.



FOTO: FLICKR/CC

EGYPT

Vil ha jomfrutest

■ Parlamentariker Ilhami Agina har tatt til orde for at kvinner som søker opptak som student ved Egypts universiteter, må gjennomføre en medisinsk «jomfrutest». Dette for å få bukt med såkalte hemmelige bryllup, hvor menn og kvinner uoffisielt lever sammen. Kairo universitet og flere studenter er blant de som har protestert kraftig på uttalelsene. – En kvinnes kropp tilhører henne, ikke universitetet, sier jusstudenten Israa Ali. Også landets utdanningsminister avviser forslaget, skriver University World News.

FOTO: FLICKR/CC



Svenske universiteter er blant få i Europa som har opplevd budsjettvekst de siste årene. Her fra Lunds universitet. (Foto: Mikael Risedal)

EUROPA

UNIVERSITETENE KUTTETES

minst 20 av 24 undersøkte europeiske land har universitetene fått dårligere råd de siste årene, viser en studie gjennomført av European University Association. Selv om 11 av landene har hatt en økning av den offentlige finansieringen i perioden fra 2008 til 2015, har økende studentkull reelt sett ført til kutt i de fleste av dem. I 13 land har den offentlige finansieringen blitt redusert. Norge og Sverige fremheves som land som har økt universitetenes budsjetter mer enn økningen i studenttallet.



SVERIGE

Vold og trusler

■ Ved 135 anledninger har svenske universiteter og høyskoler politianmeldt trusler og vold i 2015, skriver Universitetslärares. Samtidig er mørketallene store, ifølge fagbladet, fordi mange enten ikke anmelder eller anmelder direkte til politiet og ikke gjennom arbeidsplassen. Hendelsene spenner fra drapstrusler til truende meldinger, forfølgning og trakassering på sosiale medier. Truslene kan komme i forbindelse med forskningsresultater eller studenter som klager på å bli strøket.

DANMARK

Demonstrerer mot kutt

■ 13. oktober gikk studenter og ansatte ved Københavns universitet ut i demonstrasjon mot nedskjæringer. Både studielånsutbetalinger og universitetenes budsjetter kuttes kraftig i regjeringens budsjettforslag. Ifølge danske Universitetsavisen er det nytt at studenter og ansatte går sammen mot kuttene. – Vi er i samme båt. Når de sier farvel til en god kollega, mister vi en god lærer eller en dyktig studieveileder. Derfor står vi sammen i kampen mot innsparingene, sier leder av Studenterrådet Malou Astrup.

STORBRITANNIA

Frykter lærerflukt

■ Hvis regjeringen ikke klarer å opprettholde fri flyt av arbeidskraft mellom Storbritannia og EU, kan konsekvensene bli alvorlige, skriver The Guardian. Ifølge den tyske utvekslingsorganisasjonen DAAD vil britiske universiteter miste så mye som 15 prosent av de ansatte dersom Storbritannias utgang fra EU (Brexit) ikke fører til særegne avtaler for arbeidsutveksling. Mer enn 32 000 ikke-britiske EU-borgerne jobber ved britiske universiteter. De utgjør totalt 17 prosent av de ansatte.



Hun bragte enkeltskjebner og tabuer inn i utstillingsrommet.
Neste oppgave ble å løse de etiske flokene det skapte.

MORAL OG MUSEUM

KATHRIN PABST | Museumsfornyer, i samtale med Bår Stenvik.
Foto: Erik Norrud

Da Vest-Agder-museet ble kåret til «Årets museum 2016» av Norges museumsforbund, begrunnet juryen det blant annet med at museet har «som et tydelig mål å bidra til en 'positiv samfunnsutvikling', og tør å sette tabubelagte og vanskelige deler av historien på dagsordenen». Juryen eksemplifiserte prestasjonen med utstillinger fra de siste årene som «tar opp tema knyttet til religion, kropp og fattigdom». Drivkraften bak alle de nevnte utstillingene heter Kathrin Pabst¹. Hun er leder av fagseksjonen ved museet, og har helt siden hun studerte «Volkskunde» (etnologi) i Tyskland vært interessert i «enkelthistorier fra personer som vanligvis ikke høres», og likt å «skjønne hva tabuer kommer av». Det har gitt seg utslag i de nevnte utstillingene, basert på både historiske perspektiv og fortellinger fra levende mennesker.

– Da jeg fikk fast jobb som konservator ved museet for snart ti år siden, kunne jeg begynne med mye – lage utstillinger om stoler og bord ..., sier Pabst og lager en skjev grimase.

– Men jeg ville gjøre noe nytt.

Museet bestemte seg for å sette en annonse i avisen og etterlyse mennesker fra lokalbefolkningen som ville snakke om forholdet til kroppen sin. Reaksjonen innenfor hennes eget felt var blandet.

– Det var nesten sånn «hva slags tull er det de driver med nå» – jeg følte at folk lo av oss, og vi fikk ikke en krone i søknadsmidler.

Utstillingen ble en suksess, med sterke fortellinger om mobbing og kroppspress, som synliggjorde tabu-tema. Men samtidig som hun fikk skryt og følte at hun gjorde noe meningsfullt, følte Pabst seg alene. Hun savnet retningslinjer.

– Jeg visste ikke hva som var greit, om jeg måtte ha samtykkeerklæringer, om jeg skulle la deltakerne bestemme hvordan fotografiene skulle henge. Hvor mye ansvar skulle jeg føle for dem etter at de hadde åpnet seg og fortalt om noe vondt for første gang? Alt jeg kunne gjøre, var å snakke med kollegene mine og følge min egen magefølelse.

Dermed startet Pabst et langvarig arbeid for å finne ut av disse spørsmålene, som blant annet førte med seg en doktorgrad på museumsetikk og den store utstillingen *Himmelen over Sørlandet*. I dag er retningslinjene hun etterlyste for ti år siden, fortsatt ikke etablert. Da Forskerforum intervjuet henne om arbeidet hennes for et par år siden, hadde hun justert målet til at det «bør lagast eit tillegg i regelverket for dei som jobbar med kontroversielle og følsame tema». I dag er hun ikke engang sikker på om det er hensiktsmessig.

– Kanskje kunne man lage noen regler for museene i Norge, men problemet er at da innskrenker du muligheten til å bruke magefølelsen. Mitt opprinnelige spørsmål var: «Er det egentlig bra at jeg, Kathrin, bruker min magefølelse, og kanskje drøftinger med én kollega, for å avgjøre for eksempel om vi skal henge opp et 2 x 2 meters bilde av et

– Akkurat da var jeg møkka lei av gjenstander og tradisjonell museumstenking

mobbeoffer på veggen? Er det forsvarlig? Er det profesjonelt?» Nå, ti år senere, vil jeg si at *det er sånn det fungerer*. Det er hver enkelt museumsansatt, gjennom valg ut fra magefølelse og egen kunnskap, som fører profesjonen videre i en viss retning.

– Så du lurte på om det du gjorde, var riktig, brukte ti år og en doktorgrad for å finne ut av det, og endte opp med et «ja»?

– Hahaha, ikke akkurat sånn. Jeg har blitt tryggere på meg selv, og funnet ut at jeg ikke var alene om å være usikker. Så har jeg i samtaler med andre samlet noen erfaringer, som jeg blant annet deler i boka mi, *Museumsetikk i praksis*². Dette er ikke retningslinjer, men ting som du kan ha i bakhodet. Husk: *Til en sånn utstilling trenger du mer tid enn du tror*. Husk: *Det blir ikke som du planlegger*. Husk: *Det går ikke uten at ledelsen legger til rette*. Husk: *Det kan bli krevende for deg, kanskje du trenger psykologhjelp, ikke skam deg over det*. Dette er ting som man for ti år siden ikke tenkte var nødvendig, og som ledelsen på mange museer fortsatt ikke er godt nok klar over. Mange museumsansatte føler seg fortsatt alene. Men vi er på vei.

Et av de store spørsmålene i etikkboka til Pabst er hvordan man skal avveie hensynet til informanter mot utstillingens beste. Et sted beskriver hun den overveldende positive responsen den første utstillingen om kropp avfødte fra publikum og presse, og ender faktisk opp med at responsen var for positiv.

– Vårt mål var å være kritisk til samfunnets håndtering av kropp. Men fordi våre informanter ba om det, lot vi være å fortelle de tøffeste historiene. For eksempel en historie om en utenlandsk dame som ble tvunget av sin norske mann til å slutte å amme, så hun ikke skulle miste fasongen. Hun ble også tvunget til å fortsette å røyke for at hun ikke skulle legge på seg. Det var mange ting som var omvendt av hva folk kanskje skulle tro, og det ville vært viktig å få fram. Og jeg prøvde ikke engang å overtale henne til å stå fram, vi hadde så mye respekt, *tusen takk for at du fortalte din historie, du skal få det akkurat som du vil*.

– Hva ville du sagt i dag?

– Jeg ville sagt til vedkommende at «Dette er viktig for samfunnet at denne historien blir fortalt, og jeg kan gjøre det sånn at det er umulig å

¹ Fagseksjonsleder ved Vest-Agder museum. Tyskfødt, med mastergrad fra Christian-Albrechts-Universität i Kiel, har bodd i Norge siden 2000, nylig utgitt bok basert på sin ph.d. i museumsetikk, og sitter i styret til Norsk ICOM, den norske nasjonalkomiteen av The International Council of Museums.

² For øyeblikket er dessuten Vest-Agder-museet i ferd med å opprette en kunnskapsbase, www.museumsetikk.no, for samfunnsaktuelle prosjekter, så både museumsfolk og andre kan sjekke hvilke utstillinger som er gjort tidligere om tema som krig, seksuelt misbruk og vold, og se hvordan temaene har blitt belyst.

identifisere deg». Hadde hun fortsatt sagt *nei nei nei*, ville jeg gitt meg. Men jeg ville ha prøvd.

Da Pabst ble intervjuet av Forskerforum i 2014, fortalte hun om en lignende opplevelse fra arbeidet med *Himmelen over Sørlandet*, en utstilling som blant annet inneholdt alminnelige sørlendingers skildringer av sitt forhold til Gud. Underveis i samtale kom det fram at flere av informantene hadde paranormale erfaringer, noen begynte til og med å snakke med de døde under intervjuet. Men dette ble ikke med i utstillingen, selv om Pabst innrømte at «Hadde eg teke samfunnsoppdraget på alvor, skulle eg ha løfta dette temaet fram».

– **Ville du gjort også den utstillingen annerledes i dag?**

– Nei. Når vi ber noen komme til oss og fortelle en personlig historie, da kan ikke jeg si *takk for historien og tilliten du har vist meg, jeg hører at du sier du ikke vil at den delen skal fortelles videre, men jeg forteller det likevel*. Det kan jeg ikke gjøre, verken ut fra etisk teori eller egen magefølelse.

– **Men senere lagde du en hel bok om folks paranormale opplevelser?**

– Da innhentet vi nytt materiale, og da var ikke dette temaet noe som dukket opp underveis i intervjuene. Vi sa i utgangspunktet at vi er interessert til å snakke om paranormale fenomener og kontakt med de døde.

– **Hva er forskjellen fra kroppsutstillingen, der du sa du ville prøvd å overtale folk?**

– Forskjellen ligger i spørsmålet: *Hvorfor er det veldig viktig å fortelle at mange tror på gjenferd og snakker med de døde?* Om ingen snakker om det, kan det være viktig å få fram for at folk skal føle seg mindre alene med opplevelsene, men kanskje er det så tabubelagt at samfunnet ikke er klar for det. Det finnes en grense for når det er viktig å trekke noe fram for å gjøre samfunnet friskere og bedre, og når det sitter for dypt til at det har noen hensikt. Et annet spørsmål er om det er så viktig at det er *her* jeg skal stå mot majoriteten og løfte noe fram. Om det handler om spøkelser og gjenferd, og samfunnet kanskje ikke utvikler seg så mye, eller man ikke yter noen mer rettferdighet ved å hente historien fram, da er det bare en sensasjonseffekt.

– **Det virker som du tenker aksjonistisk?**

– Ja, jeg gjør det.

– **At du vurderer hvilke områder det er viktig nok å forandre samfunnet til at ...**

– Om vi skal snakke med store ord, er målet for oss som jobber med slike tema, at vi skal bidra til et bedre samfunn. Noen mennesker blir undertrykket eller utsatt for urett, og ved å løfte dem fram viser du et større mangfold og gir dem verdighet og anerkjennelse. Å kjempe mot urettferdighet. Det er store ord, men, ja, et bedre samfunn, det må vel nødvendigvis være målet med det man gjør?

Flere i feltet, også ved hennes eget museum, har vært kritiske til å utvide virksomheten fra gjenstander og kjensgjerninger til fortellinger og følelser.

– Vi inviterte en dame hit for noen år siden for å ha en utstilling om det seksuelle misbruket hun opplevde som barn. Hun hadde behov for å bruke tid i lokalet, sette på levende lys og blomster, og bestemme hvor hvert bilde skulle henge. Mine kollegaer sa «Du er gæren, vi kan ikke bruke to dager på dette?» Men vi gjorde det. Og noen av dem som hadde vært mest kritiske, sa etterpå at det var den viktigste utstillingen vi hadde hatt noensinne.

– **Bør ikke museene fokusere mer på refleksjon enn følelser?**

– De to størrelsene er tett forbundet – det finnes mye forskning som tilsier at når du gjenkjenner følelser hos den andre, er du mer villig til å se verden fra den andres posisjon, og da bidrar det til refleksjon. Jeg mener at læringseffekten er størst når du blir følelsesmessig akkurat passe berørt. For hvis det blir for mye eller «feil» følelser, blokkerer publikummen. Hvis du opplever at identiteten din blir truet, eller du føler at jeg vil presse en mening på deg, da vil du ikke høre.

– **Minner ikke mange av disse utstillingene mistenkelig om sakene man kan lese i avisenes helgebilag, fortellinger om enkeltskjebner? Hva er forskjellen på museumsutstillinger og journalistikk?**

– At vi viser de historiske linjene som forbinder fortid og nåtid, og

– Jeg mener at læringseffekten er størst når du blir følelsesmessig akkurat passe berørt.

